

NOTAT

04.06.2020

Vurdering om detaljreguleringsplan for Hovdeli del 4 utløyer krav om konsekvensutgreiing

Dette notatet vurderer om Forskrift om konsekvensutredninger (FOR-2017-06-21-854) set krav til at detaljreguleringsplan for Hovdeli del 4 skal konsekvensutgreiast.

Detaljreguleringsplan for Hovdeli del 4 ligg på delar av gnr./bnr. 153/13, 194, 251. I tillegg inngår også gnr./bnr. 153/50, 155, 170, 171, 207, 209, 224, 144 og 602/1. Planen legg til rette for etablering av eit høgstandard hyttefelt med ca. 50 tomter. Fritidsbustadene vil bli planlagt i det området som i kommunedelplan for Rukkemo-Torvetjønn er sett av til utbyggingsføremaal.

Planar som alltid skal utgreiast (§ 6 b)

I følgje Forskrift om konsekvensutredninger § 6 b skal reguleringsplanar som heimlar tiltak i forskrift I alltid konsekvensutgreiast og ha planprogram. Vedlegg I punkt 25 viser til nye område for fritidsbustad som ikkje er i samsvar med overordna plan. Denne reguleringsplanen er i samsvar med overordna plan, og det vil derfor ikkje vere krav om konsekvensutgreiing etter denne paragrafen.

Planar og tiltak som kan konsekvensutgreiast dersom dei kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn (§ 8, punkt a)

Planar for tiltak i vedlegg II skal konsekvensutgreiast dersom dei kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn. I vedlegg II er det ingen relevante oppføringer. Det blir derfor ikkje gjort nokon vurdering av verknader for miljø og samfunn etter § 10.

Konklusjon

Detaljreguleringsplan for Hovdeli del 4 utløyer ikkje krav om konsekvensutgreiing etter Forskrift om konsekvensutredninger.